

## Møtebok

### Bebyggelsesplan for Birte, del av 16/1 –, 1. gongs handsaming

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
048/07	Formannskapet	05.09.07

#### Endeleg vedtaksrett i saka har: Planutvalet

**Dokument i saka:** Rapport over arkeologiske registreringer

**Vedlegg:** Planrapport  
Plankart

#### **Bakgrunn for saka**

AT Plan AS fremjar på vegne av Arne Dag Lassemo og Dag Helge Strånd, framlegg til bebyggelsesplan for Birte, del av gnr/bnr 16/1.

Planområdet ligg ved Birstøylen, søraust for Birtedalen, det er lagt ut til byggeområde i gjeldande arealdel i kommuneplanen.

Planområdet er på om lag 300 daa, og det er lagt opp til 44 hyttetomter. Tomtene er samla i ulike grupper i området.

Planarbeidet vart varsla 23.03.2007 med frist for tilbakemeldingar sett til 28.04.07. Telemark Fylkeskommune sette krav om arkeologisk undersøking, denne vart gjort i sommar. Det vart funne 2 kolgroper frå jernalder/middelalder i planområdet. Desse er regulert inn som spesialområde bevaring i planen.

Fylkesmannen i Telemark føreset at kartlegging av viktige naturtyper/biologisk mangfald vert lagt til grunn i arbeidet. Det ligg ikkje føre slike registreringar i planområdet og AT Plan kjenner ikkje til at det er særskilte naturkvalitetar eller naturinteresser som må takast omsyn til.

#### **Vurdering**

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2007 – 2010, lage politiske saker med fokus på kommuneplan og anna planverk i sakshandsaminga.

Bebyggelsesplanen er i samsvar med arealdelen i kommuneplanen. Det er lagt til rette for to parkeringsplassar per hytte og det er regulert veg fram til tomtegrensa. Tomtene ligg ikkje nærare Birtevatn enn 50 m, som er byggegrensa i arealdelen.

Reglar om byggeskikk er harmonisert med føresegnene i bebyggelseplanen for Abodokki, som denne planen rett sør for. Bygningsstorleik for hovudbygning, anneks og uthus er i samsvar med arealdelen.

Renovasjon vert løyst i felles renovasjonsområde for hyttene langs vegen til Birte, nede ved Fylkesvegen.

Det er lagt opp til middels sanitær standard, med innlegging av vatn, men med biologisk løysing for toalett. Det vil være gråvassreinsing med enkeltanlegg ved kvar hytte, det må liggje føre godkjent utsleppsløyve før byggjeløyve kan gjevast.

Utbyggaren ser at ein får auka trafikken langs tilkomstvegen, noko som vil auke trongen for vegvedlikehald. Utbyggaren lovar å fylgje opp dette ved vidare utbygging og tilrettelegging av området.

### **Konklusjon**

Dette synast å vere ein godt gjennomarbeidd plan som ein kan rå til å leggja ut til offentleg ettersyn.

### **Innstilling frå rådmannen:**

I medhald av Plan- og bygningsloven sin paragraf 28-2, vert bebyggelsesplan for Birte, del av gnr. 16 bnr. 1, lagt ut til offentleg høyring.

### **Handsaming i Formannskapet - 05.09.2007:**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### **Vedtak i Formannskapet - 05.09.2007:**

I medhald av Plan- og bygningsloven sin paragraf 28-2, vert bebyggelsesplan for Birte, del av gnr. 16 bnr. 1, lagt ut til offentleg høyring.

Vigdis Mariedatter Gulbrandsen  
Rådmann

Einar Mikkelsen  
senioringeniør